Tilskot til trygg skuleveg og punktutbetring

# SØKNADSSKJEMA 2018

Søknaden skal sendast til hfk@hfk.no og merkast med: "*Tilskot til trygg skuleveg og punktutbetring – søknad om tilskot (FTU/MISA) – ref. 2014/22680*"

(Alle punkta **skal** fyllast ut. Eitt skjema per tiltak)

Namn på tiltaket: Gang- og sykkelveg Hatlandsskiftet

| Søkjar (kommune) | | | |
|---|---|---|---|
| Namn: | Osterøy kommune | | |
| Adresse: | Rådhusplassen | | |
| Postnr./stad: | 5282 Lonevåg | | |
| Org.nr.: | 864338712 | | |
| Kontonr.: | 3626.07.00043 | Prosjektnr.: 001 | Ressursnr.: 17/806 |
| **Administrativ kontaktperson hjå søkjar** | | | |
| Namn: | Roald Hovden | | Telefon: 56192113 |
| E-post: | roald.hovden@osteroy.kommune.no | | Mobil: 95213155 |

| Type tiltak | Planavklaring | Status og forankring | Type tiltak | Innmelding av tiltak |
|---|---|---|---|---|
| Kven er tiltaket retta inn mot?<br>Mjuke trafikantar<br>Møteulukker<br>Utforkøyringsulukker<br>Anna (spesifiser under)<br><br>-Mjuke trafikantar<br>-Møteulukker | Dersom tiltaket krev reguleringsplan, skal denne ligge ved på søknadstidspunktet.<br>Ligg det føre godkjent reguleringsplan?<br>Ja<br>Nei<br>Tiltaket krev ikkje reguleringsplan<br><br>-Ja<br>Planskissa er laga i tråd med reguleringsplan innafor vegformål, men linjeføring er noko justert. Klargjort med planavdeling. | Ferdig planlagde prosjekt vil verte prioritert. Kvar er tiltaket forankra?<br>Ordførar<br>Kommunestyre<br>Trafikksikringsplan sidetal:<br>_____39________ | Kva type tiltak er det?<br>Langs skuleveg<br>Punktutbetring (*tiltak for å utbetra skilde punkt på ein-vegnettet*)<br><br>-Langs skuleveg | Har kommunen tidlegare søkt om gjennomføring av dette tiltaket via tilskots ordningar i Hordaland fylkeskommune?<br>Meldte kommunen inn dette tiltaket i sin høyringsuttale til *Investeringsprogram for fylkesvegnettet* hausten 2017?<br><br>-Nei<br>-Ja |

## Omtale av tiltaket

Type tiltak, teknisk spesifikasjon, namn og lokalisering (inkludert fylkesvegnr).

Tiltaket gjeld bygging av gong- og sykkelveg ved Hatlandsskiftet i Lonevåg langs Fylkesveg 368. I tillegg blir vegens bredde og kurvetur justert for å betre oversyn og faremoment for møteulukker og påkøyrsle, med tilhøyrande busslommer og gangfelt.
Planskissa er laga i tråd med gjeldande reguleringsplan innanfor vegformål, med Statens Vegvesen (SVV) og Osterøy kommune som grunneigar.
Gong- og sykkelveg og utbetring av denne vegen har Prioritet 1 i kommunens trafikksikringsplan for større investeringstiltak.

Tiltaket er delt i to parseller frå pel 0 – pel 200 [**P1**] og frå pel 200 – pel 500 [**P2**]. Kostnad for utførelse av begge parseller er berekna til ca. kr 6 700 000,- eks. mva.
Søknaden gjeld [**P2**] (vedlegg 2, s.1) då denne er den mest utsette strekninga m.h.p. mjuke trafikantar og møteulukker.
Denne parsellen vil også bera dei største kostnadane (ca. 2/3) m.h.p. sprenging, flytting av massar, drenering og sikringstiltak.

Tiltaket ligg på FV 368 (ÅDT = 1900 ved gongfelt) i Lonevåg/Hatland i Osterøy kommune. I dag er det videregåande skule (200 elevar), ungdomsskule (260 elevar), barneskule (223 elevar) og barnehage (114 born) konsentrert i tiltaket sitt område. Totalt 797 born og elevar.

[**P2**]: Dagens gong- og sykkelveg til og frå dette området er mangelfull/dårleg og opplevast som farleg. Born og ungdom som går eller sykler til/frå bustadsfelta nordover må nytta ein smal og bratt gongveg som leiar gjennom to parkeringsplassar til barnehage. Her er det ca. 20 tilsette som nyttar parkeringsplassane, i tillegg til foreldre som leverer borne sine. Store trafikkmengdar oppstår inn/ut av barnehage når born og unger er på veg til og frå skule. Dette skapar spesielt stor fare gjennom det mørke vinterhalvåret.
Dei som ikkje nyttar gongvegen går langs fylkesvegen nordover, med kurvatur og bredde som skapar farlege situasjonar for både dei mjuke trafikantar og møtande bilar.
Den eksisterande gongvegen er også nytta av musikkskulen (underetasje i barnehage) i tillegg til omsorgsbustad og to andre hus som delar tilkomstvegen til barnehage.

Dialog med SVV er allereie starta for denne parsellen. I tidligare brev frå SVV, etter befaring av bustadsfelt langs FV 368 ved barnehagen, er bl.a. separering av gong- og sykkelveg og parkeringsareal eit foreslått tiltak. Planskissa er utarbeita av ein pensjonert prosjektleiar/planlegger for SVV, i tråd med regulæringsplan innafor vegformål. Detaljeprosjek tering vil bli gjennomført i samarbeid med SVV.

[**P1**]: Langs vegen til bustadsfelta, idrettsplass og senterområde mot vest må born og elevar gå mellom fylkesvegen og bilar som står parkert langs vegen for å koma til den eksisterande gong- og sykkelveg. Fram til utbetring av denne parsellen, har dei gåande og syklande tilgjenge til å nytta sideareal ved idrettsanlegget, men mange vert kanalisert langs, eller vel å nytta fylkesvegen. Høvet til å nytta sideareal langs [**P1**] gjer at me vel å prioritera [**P2**] i denne søknaden.

*Vedlegg 1: Situasjonskart 1:1000. Situasjonskart i to delar (pel 0 – pel 200 og pel 200 – pel 500).*
*Vedlegg 2: Oversiktskart 1:1000.*
*Vedlegg 3: Kostnadsoverslag*
*Vedlegg 4: Regulæringsplan Lonevåg-Hatland (gjeldande reg.plan i tre delar)*
*Trafikksikringsplan: http://www.osteroy.kommune.no/temaplanar.363827.no.html (øverst på lista s.39)*

## Tidsramme og framdriftsplan

Kan startast opp (åååå-mm-dd): _____vår 2018____________________

Pårekna avslutta (åååå-mm-dd): ______vår 2019___________________

☐ Kan gjennomførast omgåande

☒ Må lagast anbod

Framdrift:

Vår 2018 – detaljprosjektering
Vår/sommar 2018 – anbudsprosess og val av entreprenør
Haust 2018 - oppstart av anleggsarbeid
Vår 2019 - ferdigstilling og overtakelse

**Eventuell ferdigstilling i 2019**

Tiltaket bør ferdigstillast i 2018. Let dette seg ikkje gjera, må det grunngjevast her:

Tiltaket må bli detaljprosjektert (rammeavtale for konsulenttjenester er på plass) og lagt ut på anbud. Forventar oppstart på anleggsarbeid om hausten 2018 etter anbudsprosess, med ferdigstilling om våren 2019.

## Finansiering (alle beløp i kr eks mva)

*Tilskotsordninga kan fullfinansiera tiltak etter kostnad som er oppgitt i søknad, men kommunen kan bidra med eigenandel. Kommunen er ansvarleg for eventuelle meirkostnader, også om Statens vegvesen står som byggherre.*

Totalkostnad for tiltaket (inntil 5 mill. kr.): kr 4 500 000,-

Søknadsbeløp for tiltaket (inntil 100 % av totalkostnad): kr 4 500 000,-

Kommunal eigenandel (beløp + prosent av totalkostnad):

Osterøy kommune bistår med prosjektleiing og administrasjon i byggefasen.

## Gjennomføring

Kryss av på **eitt** av alternativa:

Kommunen *ønskjer* at Statens vegvesen skal gjennomføre tiltaket.

Kommunen *har skriftleg avklart* med Statens vegvesen før søknaden er sendt inn, at Statens vegvesen skal gjennomføre tiltaket. *Avklaring er lagt ved*.

☒ Kommunen skal sjølv ha ansvar for å gjennomføre tiltaket.

- Vedlegg: Eventuell avklaring med Statens vegvesen om byggherre-ansvar

Det vert med dette stadfesta at søkjar har lest og godteke vilkåra for tilskotsordninga, jf. invitasjonsbrevet av 16.02.2018.

05.03.2018
Dato/stad

Nathan Lamp
Underskrift ansvarleg søkjar